

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
073/19	Formannskapet	PS	06.11.2019
075/19	Heradsstyret	PS	27.11.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Wenche-Mari Bliksås	18/1942

Andre gongs handsaming - Plansak Detaljregulering Angelskår Akvakulturområde - PlanID 12532018002

Vedlegg:

Føresegner 22052019
Plankart 220519
Planomtale 220519
Vedlegg Konsekvensanalyse
MERKNADSSKJEMA, Angelskår. 06.09.2019

Formannskapet - 073/19

FS - behandling:

Turid B. Njåstad, SP, gjorde slike framlegg:

Endringsforslag:

"Endringer i forskrifta til plansak detaljregulering Angelskår akvakulturområde Plan ID 12532018002:
5. Rekkefølgekrav pbl. 12-7, nr. 10:
5.1 På land skal det settast opp skilt som viser fortøyingslinene i området (ta vekk naustmiljø)."

Tilleggsforslag:

"Lerøy Vest/ Sjøtroll Havbruk skal ha ein kontaktperson som naboar o.l. kan ta kontakt med ved spørsmål kring anlegget/ drifta etc. (står omtala på side 8 i planomtalen)."

AVRØYSTING - endringsforslag

Turid B. Njåstad sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

AVRØYSTING - tilleggsforslag

Turid B. Njåstad sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

AVRØYSTING - Rådmannen sitt framlegg inkludert endringsforslag og tilleggsforslag:

Framlegget vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

"Heradsstyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, at plan for Detaljregulering

Angelskår akvakulturområde - Plan ID 12532019001 -med føresegner datert 22.05.2019, plankart datert 22.05.2019 og planskildring datert 22.05.2019, med slik endring og tillegg:

Endring:

5. Rekkefølgekrav pbl. 12 - 7, nr. 10:

5.1 På land skal det settast opp skilt som viser fortøyningslinene i området (ta vekk naustmiljø).

Tillegg:

Lerøy Vest/ Sjøtroll Havbruk skal ha ein kontaktperson som naboar o.l. kan ta kontakt med ved spørsmål kring anlegget/ drifta etc.(står omtala s. 8 i planomtalen)."

Heradsstyret - 075/19

HS - behandling:

Johannes Haugland, SP, tok opp spørsmål om gildskap for sitt vedkomande då han som ein av naboane til anlegget har skrive under på uttale til oppstartsvedtaket for planen- han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - 25 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING GILDSKAP

Johannes Haugland, SP, vart samrøystes kjend gild.

Heradsstyret si vurdering var at det ikkje låg føre ugildskap etter forvaltningslova § 6, 1. ledd. Ein fann heller ikkje at det låg føre ugildskap etter fvl. § 6, 2. ledd, då ein vurderer at det ikkje ligg føre andre "særegne forhold som er egner til å svekke tillite til hans uupartiskhet", då avgjerda ikkje inneber "særlig fordel eller ulempe" for han som gir grunnlagfor å kjenna han ugild i saka.

Johannes Haugland, SP, kom tilbake til møtet - 26 medlemmr/varamedlemmer til stades

AVRØYSTING - endeleg

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke

HS - vedtak:

"Heradsstyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, at plan for Detaljregulering Angelskår akvakulturområde - Plan ID 12532019001 -med føresegner datert 22.05.2019, plankart datert 22.05.2019 og planskildring datert 22.05.2019, med slik endring og tillegg:

Endring:

5. Rekkefølgekrav pbl. 12 - 7, nr. 10:

5.1 På land skal det settast opp skilt som viser fortøyningslinene i området (ta vekk naustmiljø).

Tillegg:

Lerøy Vest/ Sjøtroll Havbruk skal ha ein kontaktperson som naboar o.l. kan ta kontakt med ved spørsmål kring anlegget/ drifta etc.(står omtala s. 8 i planomtalen)."

Saksopplysningar:

Planområdet er regulert til:

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL. § 12-5, 2. ledd nr. 6)

- Akvakultur (VA)
- Kombinert føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone. Ferdsel og akvakultur (VKA)

FØRESEGNOMRÅDE (PBL. §12-7, 1.ledd nr. 2)

- Vilkår for bruk av arealet, bygningar og anlegg (#)

Planlagde tiltak

Innanfor området regulert til akvakultur kan det oppførast tiltak knytt til akvakulturverksemd. Dette omfattar mellom anna førflåte, fortøyingsramme med merdar og bøyer, førslanger, samt straumnett. Anlegget på sjøoverflata vil til saman utgjera 145 daa. Avsett areal til akvakultur er noko større enn sjølve anlegget for å sikre fleksibilitet. Område for fortøyning er omtrent 1200 daa stort. Her er det tillatt med fortøyingsline og ankerfeste. Det er sett krav til at i fortøyingsområde mot land skal fortøyingsline og ankerfeste ligge djupare enn 25 m under overflata. Dette er gjort for å ivareta omsyn til fiske og friluftsliv.

Anlegget vil bestå av omtrent 12 plastringar/merdar og førflåte. Oppankring vil skje ved bruk av anker og ved boring av boltar i fjell under vatn. Det er planlagd å nytte landstraum og det vil difor ikkje vera naudsynt med aggregat, dette bidreg til å begrense støy frå anlegget. Straumforsyninga på land må forsterkast gjennom eksisterande trafo og sjøkabel ut til førflåte.

For å ivareta omsynet til fiske og friluftsliv er det sett opp krav til at det skal setjast opp skilt ved naustmiljø på land som syner kvar fortøyingslinene er.

Konklusjon

Planframlegget er i hovudsak i tråd med overordna plan og legg til rette for ei næringsutvikling i tråd med overordna plan. Det har vore fokus på å ta omsyn til nærmiljøet så langt det er råd og vekta dei ulike interessene opp mot kvarandre. Merknadene medfører ingen endringar i planframlegget, og rådmannen tilrår med dette å legge planen ut til endelig politisk handsaming.

MERKNADER TIL PLANFRAMLEGGET: (Desse kan lesast i sin heilskap vedlagt)

Avsendar – dato	Merknad	Forslagsstillars kommentar	Rådmannens kommentar
Fylkesmannen i Vestland, FMVE – 30.08.2019	FMVE viser til at planen er i hovudsak i samsvar med overordna plan, og den er godt gjennomarbeida og har vurdert relevante tema på ein god måte. Planomtalen skildrar verknadane ut frå at den totale biomassen ikkje skal aukast, og FMVE ser dette som ei tilstrekkeleg planavklaring og tenleg	Teke til orientering. Merknaden gjev ikkje grunnlag for endring av planmaterialet.	Teke til orientering

	ramme for kva FMVE som forureiningsstyringsmakt vil kunne handsame ved seinare søknad om AK-verksemd på lokaliteten.		
Hordaland fylkeskommune, HFK – 30.08.2019	<p>HFK meiner det er gjort ei grundig utgreiing av verknadane av planen, og er positiv til at fjernverknad er vurdert, avbøtande tiltak er teke inn i føresegnene og at føringar for farge- og material-bruk og skilting/informasjon ved naustområde er teke inn i føresegnene.</p> <p>HFK har ikkje merknadar til plankartet, men har mindre kommentarar til føresegnene knytt til dobbelthandsaming. HFK viser til at tal føresegner kunne vore redusert, fordi sakshandsaminga etter akvakulturregelverket tek i vare omsyn til verneinteresser, samt annan interesseavveging, miljømessig forsvarlegheit, fiskehelse, mattryggleik, sjøverts ferdsel osv.</p> <p>Fylkeskonservatoren og Bergen Sjøfartsmuseum har ikkje merknadar, utover at kulturminnelova pliktar tiltakshavar til å gi melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn marine kulturminne.</p>	<p>Teke til orientering.</p> <p>I føresegnene er det valt å vise til sektorlovverk og -løyve, for dei forhold som me meiner er relevant for arealbruken i området. På same måte er det vist til kulturminnelova og hamne- og farvasslova. Ein del av føresegnene er teke med som ei opplysning for dei som skal forvalte reguleringsplanen etter vedtak. Vi ønskjer å la føresegnene stå uendra.</p> <p>Forslagsstillar ønskjer ikkje å gjera endringar i planmaterialet.</p>	<p>Rådmannen stettar forslagstillars si hensikt om å framheve viktige føresetnader for drifta gjennom føresegnene. Reguleringsplanen utgjer eit meir kjent og oversikteleg forvaltningsverktøy/samlande dokument enn sektorloverk for innbyggjarar og naboar som har interesse av korleis sjøareala i kommunen vert nytta.</p>
Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE – 20.08.2019	NVE gir ei generell tilbakemelding til høyringa av planen. NVE viser til at kommunen ikkje har bede om særleg hjelp i denne saka og dei har difor ikkje gitt konkret fråsegn i denne saka. Det vert vist til nyttige nettsider, rettleiarar, retningslinje,	Saksområda som NVE har som saksområde er vurderte i planmaterialet. Merknaden gir ikkje grunnlag for endring av planmaterialet.	Teke til orientering

	sjekklister og verktøy.		
Fiskeridirektoratet – 30.08.2019	<p>Fiskeridirektoratet viser til sin uttale til varsel om oppstart der dei signaliserte at dei ikkje såg konfliktpotensialet med fiskeriinteressene som stort.</p> <p>Generelt meiner Fiskeridirektoratet at reguleringsplanen er grundig utført og set konkrete rammer for korleis eit nytt og større anlegg skal leggast ut. Vidare viser dei til at drift av anlegget, produksjons-form, biomasse, fiskevelferd, rømmingstryggleik, miljø og utslepp, er spørsmål som vert regulert gjennom sektorlovverket.</p>	Teke til orientering. Merknaden gir ikkje grunnlag for endring av planmaterialet.	Teke til orientering
Fiskarlaget Vest – 26.06.2019	<p>Fiskarlaget har ein del generelle merknadar som går på konkurranse om areala og fiskeri, bit for bit utbygging, sjøvern, og negative verknadar av oppdrettsverksemd for villfisk (ikkje berre laksefisk). Konkret om Angelskår viser fiskarlaget til kart frå Fiskeridirektoratet som viser at det ikkje er registrert fiskeriinteresser i reguleringsområdet, men at det er låssettingsplassar og område for passive reiskap i fjorden. Dette indikerer at det føregår fiske i fjordområdet utan at områda er spesifiserte, og ein må difor unngå lyssetting av sjøområda då det kan vera til hinder for ev. lysfiske i fjorden. Det blir også drive andre fiskeri som ikkje er registrert, som t.d. leppefiske og fiske etter sjøkreps. Fiskarlaget meiner at det må settast krav om at fortøyingslinjene ut i fjorden må kortast inn mest mogleg.</p>	<p>Det vil bli brukt lys for merking av anlegget (bøyer og flåten) og i samband med dagleg arbeid og aktivitet. Dette har samband med HMS og for tryggleik for ferdseil på sjø. På Angelskår er det produksjon av regnbogeaure. I motsetning til laks vert det ikkje nytta lyssetting av aure i sjø. Dersom det i framtida vert endra produksjon til laks er det på vinteren det er aktuelt å lyssette laksen. Lysfiske skjer på ettersommaren og hausten, og det vil såleis ikkje vera parallell aktivitet med lyssetting av merdane og lysfiske elles i fjorden. Tiltakshavar informerer om at det ikkje er aktuelt å lyssette merdane slik drifta er lagt opp. Generell lyssetting av</p>	Teke til orientering – rådmannen stettar forlagsstillar sin vurdering.

	<p>Og i den samanheng vurdere bolting for å redusere beslaglagt sjøområde. Fortøyningane må registrerast på sjøkart. Fiskarlaget ber om at desse forholda kan takast inn i føresegnene. Fiskarlaget ser det som positivt at strandsona vert «frigjeve» slik at ein kan nytte den til ev. fiske etter leppefisk. Ein må i strandsona også nytte boltar som ikkje fiskereiskap heftar i.</p> <p>Fiskarlaget konstaterer at reguleringsplanen er i tråd med kommuneplanen. Konkluderer uttalen med at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon og er difor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø.</p>	<p>sjøområdet vil ikkje vera aktuelt eller ein konsekvens av planen. Planen regulerer areal i samsvar med kommuneplanen, og dette gjeld også for fortøyingslinjene. Det er undersøkt botn, djupne, straum etc. for å dimensjonere fortøyingslinjene slik at dei toler dei naturgitte forholda på staden. Areala som er regulerte er sett ut frå kva det er behov for og slik etablere det planlagde anlegget. Det er i dag ikkje bestandsgrunnlag for leppefiske i dette området. Tiltakshavar ønskjer ikkje å etablere lengre fortøyingslinjer enn nødvendig, dette også ut frå omsyn til kostnad. Ein viss realfleksibilitet for justeringar osv. er viktig for tiltakshavar. Ev. vilkår til fortøyingslinjene og ankerfeste vil verta avklara som del av handsaming av søknad om lokalitetsklarering etter akvakulturlova. Ut frå dette meiner vi at det ikkje er behov for å sette slike vilkår i reguleringsplanen. Forslagsstillar ønskjer ikkje å gjera endringar i planmaterialet.</p>	
--	--	--	--

RÅDMANNEN SIN VURDERING

Merknadane til 1.gongs høyring og offentleg ettersyn gjev ikkje grunnlag for endringar i planframlegget. Med bakgrunn i saka slik den er gjort greie for, rår rådmannen til at Detaljregulering Angelskår akvakulturområde – PlanID 12532019001 vert vedteken slik den ligg føre.